



Saksbehandlar: Ingrid Karin Kaalaas		Arkivkode: 210
Arkivsaksnr.: 20/9594		JournalpostID: 20/27758
Saksnr: 97/2020	Utval: Bjørnafjorden formannskap	Dato: 19.06.2020

Rekneskapsrapport pr. mai 2020**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

[Formannskapet tar rekneskapsrapport pr. mai 2020 til orientering.]

Os, den 08.06.2020

Christian Fredrik Fotland
Kommunedirektør

Behandling:

Økonomisjef Ingrid Karin Kaalaas og kommunedirektør Christian Fotland svara på spørsmål frå representantane.

Innstillinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Møtet vart midlertidig heva klokka 10.20.

Bjørnafjorden formannskap 19.06.2020, Sak 97/2020 -Vedtak:
Formannskapet tar rekneskapsrapport pr. mai 2020 til orientering.

Samandrag av saka:

[Saka gir ein oversikt over kommunen sin økonomiske situasjon pr. mai, og gir eit samandrag av siste krisepakke frå regjeringa. Rekneskapsrapport pr. mai viser at den økonomiske situasjonen er meir usikker enn normalt. Covid-19 gir meirutgifter for sektorane. Det ser ut til at størstedelen av meirutgiftene vil kome innafor pleie- og omsorgstenesta, som kan dekke meirutgiftene ved bruk av fond. Pr. mai ser det ut til at største utfordringa for kommunebudsjettet 2020 blir redusert skatteinngang og ev reduserte midlar frå Havbruksfondet i forhold til budsjett.
]

Konsekvensar av saka/vedtaket:

Økonomi: [Saka inneheld opplysningar som er viktig for kommunen sin økonomi.]

Klima: [Saka har ikkje direkte konsekvensar for klimaet, men kommunen sin aktivitet kan ha innverknad på klimaet.]

Folkehelse: [Saka har ikkje direkte konsekvensar for folkehelsa, men kommunen sin økonomiske situasjon kan ha innverknad på korleis kommunen kan drive folkehelsearbeid.]

Saksframlegg:

[

Samlerapport drift 2020 - Mai

Område		Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Forbrukt-%
10	Frie Inntekter	(535 569 331)	(1 129 360 000)	47,4 %
11	Finans	49 568 868	108 752 747	45,6 %
	Finans / frie inntekter	(486 000 463)	(1 020 607 253)	47,6 %
12	Fellesområde	10 906 788	46 848 820	23,3 %
	Fellesutgifter	10 906 788	46 848 820	23,3 %
15	Rådmannens stab	8 697 861	14 416 809	60,3 %
16	Økonomi	6 098 926	11 422 407	53,4 %
17	Personal	6 561 426	13 490 108	48,6 %
18	Organisasjon og utvikling	28 661 845	49 591 252	57,8 %
	Stab	50 020 058	88 920 576	56,3 %
20	Oppvekst	4 744 502	10 535 722	45,0 %
21	Skular	164 475 970	338 991 695	48,5 %
23	Barnevernstenesta	20 110 169	41 977 144	47,9 %
24	PPT	10 743 609	21 917 599	49,0 %
25	Førebyggjande helsetenester	9 364 099	17 155 386	54,6 %
27	Barnehagar	120 455 817	241 013 635	50,0 %
	Sum Oppvekst og Kultur	329 894 166	671 591 181	49,1 %
30	Helse og Velferd - Fagstab og felles satsing	(290 395 430)	(562 135 143)	51,7 %
31	Bestillar og Forvaltarkontoret	21 199 121	36 379 749	58,3 %
32	Legevakt og legetenester	21 633 089	48 775 489	44,4 %
33	Helsefremming og rehabilitering	10 882 195	20 619 649	52,8 %
34	NAV	13 562 598	38 497 342	35,2 %
35	Tilrettelagte tenester - barn og unge	16 209 938	34 850 612	46,5 %
36	Psykisk helse og rus	20 675 969	39 658 389	52,1 %
37	Pleie og omsorg	137 964 043	286 389 899	48,2 %
38	Tilrettelagte tenester - vaksne	68 364 540	136 798 142	50,0 %
	Sum Helse, Omsorg og Beredskap	20 096 063	79 834 128	25,2 %
40	Samfunnsutvikling	1 820 199	2 790 357	65,2 %
41	Landbrukskontoret	1 761 134	2 954 017	59,6 %
43	Prosjekteininga	5 769 773	374 500	1540,7 %
44	Plan	3 193 561	11 083 430	28,8 %
45	Byggjesak	(34 251)	-	
46	Kart og Oppmåling	1 400 906	1 071 055	130,8 %
47	Kultureininga	21 321 390	34 203 309	62,3 %
48	Brann	7 970 454	20 300 228	39,3 %
49	Bygg Drift	11 640 573	42 896 094	27,1 %
50	Samferdsle	8 851 091	17 739 558	49,9 %
51	Vatn	(13 933 962)	-	
52	Avlaup	(30 190 432)	-	
60	Investeringsprosjekt	57 966	-	
	Sum Samfunnsutvikling	19 628 401	133 412 548	14,7 %
	Sum	(55 454 987)	-	

Frie inntekter

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Frie inntekter ser ut til å bli lavere enn budsjettet i 2020.

Bjørnafjorden kommune har i løpet av våren 2020 fått tilført auka rammetilskot i samband med Corona epidemien:

Krisepakke Corona april 2020	17 768 000
Ekstra skjønn vedr Corona	823 265
Kompensasjon bortfall av foreldrebetaling bhg/SFO	5 358 000

I revidert nasjonalbudsjett som framleis er til behandling i Stortinget foreslår regjeringa fleire endringar i rammetilskotet for 2020:

- Tiltak mot sårbare barn, beløp pr kommune ikkje fastsett
- Kompensasjon for endring i basistilskot og grunntilskot for fastlegar. Foreslått beløp for Bjørnafjorden kommune er kr 1.235.000.
- Kompensasjon for lovreglar om psykososialt barnehagemiljø og internkontroll. Foreslått beløp for Bjørnafjorden kommune er kr 27.000.
- Kompensasjon for utsett overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen frå 01.05.2020 til 01.11.2020. Foreslått beløp for Bjørnafjorden kommune er kr 2.053.000.
- Trekk for at dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens blir finansiert av SIO prosjektet. Foreslått beløp for Bjørnafjorden kommune er kr 1.568.000.

Kommunedirektøren har i K sak 73/2020 med atterhald om Stortinget sin behandling foreslått endringar i sektorane sine rammer, men at kr 17.768.000 («krisepakka») og kr 823.265 (auka skjønsmidlar) blir haldne i reserve for å dekke venta reduksjon i skatteinngangen.

Pårekna skatteendring i prosent for kommunesektoren blir i revidert nasjonalbudsjett foreslått justert ned frå pluss 1,3 prosent til minus 1,1 prosent. For Bjørnafjorden kommune vil dette kunne medføre reduserte skatteinntekter inkl. skatteutjammingsmidlar på 23,3 mill. kr i forhold til budsjett. For Bjørnafjorden kommune er skatteveksten pr mai negativ med 3,4%, altså enno lavere. Tal for kommunesektoren samla ligg ikkje føre enno.

Når det gjeld Andre generelle driftsinntekter har kommunen budsjettet med

- Reformtilskot frå staten (kr 21.600.000)
- Rentekompensasjon frå Husbanken (kr 3.100.000)
- Utdeling frå Havbruksfond (kr 20.652.000)

Kommunen har mottatt reformstøtte frå staten på kr 22.314.000, altså kr 714.000 meir enn budsjettet. Rentekompensasjon frå Husbanken blir først kjent i desember. Midlar frå Havbruksfondet blir kjent i september.

Ny krisepakke – skatt og rammetilskot

Den 29.05.2020 la regjeringa fram ny krisepakke vedr virusutbrotet. Det blir der foreslått å auke verdsettingsrabatten for aksjar og driftsmidlar og å auke den skattefrie fordelten ved kjøp av aksjar i arbeidsgivarselskapet. Forslaga blir samla vurdert å redusere kommunesektoren sine skatteinntekter med om lag 550 mill. kr i 2020. For å kompensere for bortfallet av skatteinntekter foreslår regjeringa

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

å auke rammetilskotet tilsvarande. Beløpa er ikkje fordelt ut på kommunane. Det blir vidare foreslått å auke skjønnsramma til kommunesektoren med 500 mill. kr for å dekke auka utgifter til vårflaum og til smittevern. Beløpa er ikkje fordelt ut på kommunane.

Ny krisepakke - øyremerkte tilskot

I den siste krisepakka av 29.05.2020 blir det foreslått å opprette eit øyremerkte tilskot på 2,5 mrd. kr til kommunesektoren til vedlikehald, rehabilitering og oppgradering av bygg og anlegg. Føremålet med løyvinga er å raskt kunne stimulere sysselsettinga innan bygg- og anleggssektoren, og samstundes bidra til å redusere vedlikehaldsetterslepet i kommunane. Løyvinga er eit engangstilskot for 2020. Regjeringa foreslår at tilskotet blir gitt til kommunane utan søknadsbehandling. Av tilskotet blir 2 mrd. kr fordelt etter innbyggjartal, medan resterande 500 mill. kr blir fordelt til kommunar med særleg høg arbeidsløyse.

Følgande retningslinjer for bruken av midlane blir foreslått:

- Tilskotet skal nyttast til tiltak innan vedlikehald, rehabilitering og oppgradering av kommunale bygg og anlegg. Det kan og nyttast til tilsvarande tiltak som høyrer inn under kyrkjeleg fellesråd, til mindre investeringar i nybygg/nyanlegg og til tiltak for tilrettelegging for besøk i sjukeheim.
- Midlane skal nyttast til prosjekt og tiltak som kjem i tillegg til allereie vedtatte prosjekt i kommunens opprinnelege, vedtatte årsbudsjett for 2020.
- Prosjekta må bli sett i gang i løpet av 2020.
- Det vil ikkje bli stilt krav om kommunal eigendel på prosjekta som blir finansiert med tilskotet.
- Revisor må attestere på at midlane har blitt brukt i tråd med føresetnadene.
- Ubrukte midlar som følge av at tiltak ikkje har blitt brukt i tråd med kriteria, må tilbakebetalast.
- Det blir lagt opp til en særskilt rapportering om bruken av midlane til våren 2021.

Det blir og gjort framlegg om fleire øyremerkte tilskot:

- Flaum og skredforebygging
- Tilskot til freda og verneverdige kyrkjebygg
- Klimasats
- Omsorgstenestene – kompetanse og innovasjon
- Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarar

Finans

Finans er framleis usikker for 2020 men i betring.

Finansmarknaden har roa seg etter turbulensen som oppstå i kjølvatnet av virusutbrotet, og aksjemarknaden har utvikla seg positivt dei siste vekene. Pr mai er avkastninga på finansporteføljen negativ med 4,8 mill. kr tilsvarande – 3,8%. Dette er bak indeks som er – 1,4%. Rentenivået har falt ganske mykje den siste tida, mellom anna etter at sentralbanken i fleire omgangar har satt ned styringsrenta, som no er null. Kommunen vil få reduserte utgifter til renter, men nettoeffekten blir ikkje så stor ettersom lån med ekstern finansiert rente (startlån, lån innafor VA området, rentekompenserte lån) samt renteinntekter frå bankinnskot også blir redusert.

Sektorane

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Pr mai er det ført 10,3 mill. kr som er merka med Corona. Mesteparten av utgiftene er innan pleie- og omsorgssektoren som kan dekke utgiftene via fondsmidlar frå SIO1. Administrasjonen utelukkar ikkje at det reelle talet vedr Corona relaterte utgifter kan vere høgare; dvs at det kan vere ført utgifter knytt til virusutbrotet utan korrekt koding.

Det er i revidert nasjonalbudsjett framlegg om ein reduksjon i arbeidsgjevaravgifta i to månader, slik Stortinget har oppmoda regjeringa om. Nedsettinga av arbeidsgjevaravgifta er for 3. termin i år, og med fire prosentpoeng. Administrasjonen har rekna innsparinga for Bjørnafjorden kommune til ca. 8 – 9 mill. kr. Forventa redusert prisvekst vil og komme sektorane til gode.

Sektor for Fellesutgifter

Folkevalde organ kan få meirutgifter i samband med møtegodtgjersle for 2019 som fekk forseinkingar, og delvis har kome til utbetaling i 2020. Det er gjort ei avsetning på vel 1,2 mill. kr i rekneskapan for 2019 for dette, men det ser ikkje ut til å vere tilstrekkeleg. Møtegodtgjersle for 2020 er ikkje ført enno, og det er såleis vanskeleg å lage prognose.

Fellesutgifter ligg litt høgt på nokre driftspostar, men det er enno for tidleg på året til å varsle avvik. Regjeringa har i revidert nasjonalbudsjett varsla eit lavt lønsoppgjer. Dersom det slår til kan det bli innsparingar på midlane som er avsett til lønsregulering. Forhandlingane startar først til hausten i kommunal sektor, og det er derfor vanskeleg å vere konkret på dette tidspunktet. Dersom det blir eit lavt lønsoppgjer, vil det og bli lavere utgifter til pensjon (lavere reguleringspremie).

For å saldere budsjettet for 2020 har kommunen budsjettet med 5 mill. kr i inntekt frå premiefondet til KLP. 2019 var eit godt år for finansmarknaden, og er medverkande til at premiefondet i KLP vil bli tilført om lag 10 mill. kr i 2020. Midlane kan berre nyttast til å betale pensjonsfakturaer frå KLP, men vi vil uansett få ei innsparing i pensjonsutgiftene på 5 mill. kr i forhold til budsjett.

Sektor for Stab

Sektor Stab har hatt ekstra utgifter til overtid i starten av året i samband med oppstart av ny kommune og avslutning av to årsrekneskap. Førebels reknar vi med at Stab kjem til å gå i balanse i 2020.

Sektor for Oppvekst

Ein del skular har for høgt lønsforbruk, og har fått beskjed om å sjå på tiltak for å redusere meirforbruket. Noko må løysast frå hausten i samband med nytt skuleår og ny tildelingsmodell, og nokon må gjere reduksjon i bemanninga. Skulane har hatt noko reduserte utgifter som følgje av Covid-19 (til dømes skuleskyss, vikarbruk), men kan og få høgare lønsutgifter i samband med inndeling av elevar i mindre grupper. Netto effekten er ikkje eintydig, men effekten på økonomien vil truleg ikkje gje store utslag. Også nokre barnehagar har for høgt lønsforbruk i samband at barnetalet i enkelte delar av kommunen har gått ned utan at bemanninga er redusert tilsvarande.

Kompensasjon frå staten vedr bortfall av foreldrebetaling er om lag 2,4 mill. kr lavere enn reelt tap. Førebyggjande helsetenester har vore i front når det gjeld å disponere personell til prøvetaking av korona. Dette har medført meirforbruk på løn. Barnevern og PPT ser ut til å drifte greitt innafør budsjett, men PPT har etterslep med utføring av vedtak på grunn av korona situasjonen.

Sektor for Helse og velferd

Den økonomiske situasjonen innan Helse og Omsorg er i stor grad prega av dei ulike konsekvensane av Corona-tiltaka. Mange einingar har måtte endra arbeidsmetodar, endra turnusar og på annan måte måtte gjere tilpassingar som aukar kostnadene monaleg. Kor mykje dette vil gi i overforbruk i

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

2020 er uklart, og vil mellom anna avhenga av kor lenge tiltaka vil vare. Det vi ser på den korte tida tiltaka har vore aktive, er at kostnaden truleg vil vere 10 – 15 mill. kr.

For pleie- og omsorgstenesta er det, i ei eiga sak, fremma forslag om å bruke delar av SIO1 fondet til å dekke meirutgiftene.

Tenester utanfor SIO området ser ut til å klare seg relativt greitt i forhold til budsjett.

Sektor for Samfunnsutvikling

Det er tidleg på året, og førebels ser sektoren samla sett ut til å drifte innafor budsjetttrammene sine.

Det vil bli auka utgifter til reinhald, men dette kan truleg dekkast inn ved reduserte utgifter i andre delar av sektoren.

]

Os, den 08.06.2020
Ingrid Karin Kaalaas
Økonomisjef